

REGIONALPLAN

for



2025 - 2026 - 2027 - 2028

Om regionalplanen – prosess, format og innhold

Dette er Sognarådet sin felles utviklingsplan for åra 2025-2028. Sognarådet består av kommunane Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal og Vik.

Planen er eit fellesdokument for kommunane og tek for seg område og tiltak som kommunane står saman om og prioriterer. Det er Sognatinget (formannskapa i dei 6 kommunane) som vedtok planen 19. november 2024.

Vision

Sogn – det gode liv

Mål

Sogn skal vera ein attraktiv region med felles bu- og arbeidsmarknad tufta på samarbeid og tillit.

Samarbeidet skal:

- sikra god, rett og nok rekruttering
- ivareta natur- og miljøomsyn
- tilby gode bu- og oppvekstmiljø
- vera pådrivar for god infrastruktur
- skapa stoltheit og ei felles merkevare
- gjera det hyggeleg å vera i Sogn

Dei prioriterte områda:

- Attraktivitet
Rekruttering, bu-/oppvekstmiljø og arbeidsliv
- Mobilitet
God mobilitet internt og inn/ut av Sogn
- Omstilling
Grøn, natur- og teknologibasert omstilling
- Samarbeid
Tenestesamarbeid, og anna samarbeid, på tvers av kommunane

Attraktivitet

Sogn skal vera ein god region å arbeida, studera, besøka, leva og driva næring i.

Prioriterte oppgåver:

- Ei felles satsing på rekruttering
- Ein felles profil for Sogn
- Sognaveka for unge
- Møteplass for næringslivet
- Idrett-, friluft- og kulturaktivitetar
- Styrka felles besøksstrategi for reiselivet

Mobilitet

Sogn skal vera ein god region å reisa i.

Prioriterte oppgåver:

- Sikra god mobilitet internt i regionen
- Vedta prioritert plan for riksvegar 2025 – 2040
- Vedta prioritert plan for fylkesvegar 2025-2040
- Sikra reisetilbodet inn og ut av regionen (båt, buss og fly)
- Sikra utvikling av digital infrastruktur

Omstilling

Sogn skal ta ei aktiv rolle i omstilling som er knytt til miljø, natur og teknologi.

Prioriterte oppgåver:

- Sikra kraft til industrien
- Ta aktiv del i teknologiutviklinga
- Profilera fleksible arbeidsfellesskap (fjernarbeidsplassar)
- Styrka arealarbeidet med fokus på natur, bumiljø og næring
- Styrka arbeidet med klima- og klimatilpassing

Samarbeid

Sogn skal vera god på å samarbeida om tenester til det beste for innbyggjarane, og for å vera attraktive som arbeidsgjevarar.

Prioriterte oppgåver:

- Jobba med å vurdera og greia ut ulike tema og fagfelt etter kvart som behova endrar seg
- Greia ut og førebu politiske vedtak om samarbeid
- Bli godt kjent på tvers av dei administrative fagmiljøa